



Lars L. Øyjord på messeområdet.

Dagleg leiar for Kvinnherad Byggetutvikling & Eektroservice på Børnes Lars L. Øyjord var på reise til Xiamen i Kina frå 5. til 12. mars for å besøkje ein av verdas største steinmesser saman med uskedelingen, Hans Gustav Musland. Øyjord har skreve denne reportasjen.



Lars L. Øyjord og Hans Gustav Musslund i møte med ein leverandør

Eg har den siste veka vore på forretningsreise i Østen. Reisemålet var Xiamen for å besøkje ei av verdas største steinmesser. Ein kan spørja seg kvifor ein må reisa til Kina for å sjå på stein. Svaret er ganske enkelt. Kinesarane veit korleis ein skal utnytta ressursane. I Kina er stein ein kjemperessurs og utgjer ein stor del av industrien.



Belegningsstein i Kina

Grunnen til at eg plutselig sat på flyet på vei til Kina var ganske tilfeldig. Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice AS og Rimsvarde AS på Stord har inngått ein samarbeidsavtale om direkte import av flis og steinprodukt frå Kina. Daglig leder ved Rimsvarde AS Hans Gustav Mussland har tidlegare budd fleire år i Kina, og har såleis i gjennom mange år bygd opp eit nettverk av kontakatar. Han vart invitert til messa og lurte på om eg ville vera med. På ei slik messe får ein nye idear og direkte kontakt med leverandør. Ein bygger opp tillit og gode forretningsforhold. Dette sikrar oss gode produkt, konkurransedyktige prisar og gode avtalar på frakt og leveringstid. Dette er noko som til slutt kjem våre kundar til gode.

Vi skal no sjølve selja fliser og andre steinprodukt. Sidan produkta kjem direkte frå fabrikk utan mellomledd får vi konkurransedyktige prisar. Vi skal i fyrste omgang selja til det lokale marknaden, men ser ikkje vekk i frå at dette også kanskje gjer oss ein moglegheit til å konkurrera på det nasjonale marknaden. Sjølve messa fortener litt omtale. Messeområdet var på Xiamen Exhibition Center fordelt på 60 000 m2 under tak og i tillegg eit stort område utvendig. Og det var ikkje små mengder stein ein hadde frakta hit for å visa fram. Uteområdet var ei einaste stor røys av råmateriale, medan det innvendig var utstilt ferdige produkt i alle dei utføringar, fargar, kombinasjonar osv. ein tenkja seg, pluss nokon til.

På messa treffe vi 2 norske bedrifter frå Larvik som eksporterer stein til Kina. Og då snakkar vi gråstein. Store blokker på 4 m3 som vert frakta til Kina med båt for bearbeing. Denne steinen blir så saga i småbitar og behandla etter alle kunstens reglar. Desse 2 bedriftene har i løpet av 10 år bygt opp eit merkenamn, Larvikitt, og eksporterte til saman i 2008 for ca. 400 millionar i gråstein til Kina. Denne steinen blir i dag brukt over heile verden og var blant dei dyraste steinsortane på messa. På hotellet vi budde på i Beijing var t.d. borda i lobbybaren laga av gråstein frå Noreg.

Som ferdig produkt framstår gråsteinen i ei ny drakt. Nå er den skinnande og blankpolert. Overflata er svært haldbar og nesten uslitelig. Når det gjeld farge, så får du den fargen du vil ha. Dersom du ikkje vil ha ei blank overflate, så er det bare å sei kva overflate du vil ha, så får du det. Den kan vera børsta, flamma, hamra eller naturlig. Kunden bestemmer sjølv korleis ein vil ha det. Det vi vil kalla problem vil kinesarane kalla muligheter. Det finnes absolutt ingen problem.

Eg fekk i tillegg til å vera med på messa i Xiamen anledning til ein tur på muren og ein tur i OL-parken som var ferdig til Beijing OL 2008. Vi var inne i "The Nest" (reiret) som før øvrig var ein imponerande konstruksjon. Eg fekk sjå korleis ein bytter litt morsmelkerstatning mot ambasadebilen inkludert sjåfør til fri disposisjon ein heil

dag. Eg var med på 14-rettars middag med nokre steinrike frå Taiwan, der menyen var sånn ca. heilsteikt hønsaklo, peanøtter, sniglar, rekesuppa, østerspai, steikt fisk, fiskasuppa, kålstuing, krabbe, aprikosfisk, spareribs, den søtaste og feitaste griseribba ein kan tenkja seg, kamskjel og litt frukt til dessert. Eg smakte på alt, men kan vel ikkje akkurat sei at eg var mett etterpå. Då smakte Beijing Duck betre. Heilsteikt and er nasjonalretten i Beijing og kan absolutt anbefalast.

Etter nokre hektiske dagar i Xiamen og Beijing var det så på tide å finna flyet heim att. Flyturen heim att gav tid til å reflektera kva ein hadde vore med på. Kina er eit imponerende land på mange måtar. Kinesarane veit å setja pris på ressursane sine, og klarer seg med mykje mindre enn oss. Kva gjer med steinen her i landet? Lokalt skal vi forhåpentlegvis snart byggja Jondalstunnel. Steinen som då vert teken ut skal dumpast på sjøen! Eg fortalde ikkje dette til nokon i Kina, då hadde dei mest sannsynleg sett på oss som idiotar. Det er fullstendig galskap å dumpa stein på sjøen. Denne steinen bør heller brukast til utviding av vegar, bearbeidast til singel og sand eller seljast til nokon som treng steinen meir enn oss. Det er nok av dei òg.

Kva utbyte fekk så vi av denne turen? Det var verkeleg imponerende å sjå, kva ein kan få til med stein. Vi skal no importera flis og steinprodukt og selja sjølv. Så dersom det er nokon som har eit badeprosjekt, drømmer om nytt kjøkken eller har planar for hagen når det no vert vår, så er det bare å ta kontakt så kan vi visa kva som går an å få til. Vi kjem framover til å byggja ei utstilling, pynta opp uteområdet og selja fliser og steinprodukt som kantstein, hagestein, murstein, takstein, pyntestein osv. frå basen vår på Børnes i Uskedalen. Så dersom det er nokon som er like steingalne som oss, ikkje nøl med å ta kontakt.



Flisutvalg i Kina